

Fin oktoberdag i fjellet

12.10.2010



På ein fin oktoberdag kørde Thordis og eg til Omvikedalen og opp i Myklebustdalen.

Der parkerte vi ved eitskilt som det stod Gråfjell og Tverrfjell på.

Det skulle bli nok ein fin oktoberdag i fjellet, som eg her har nokre fotoglimt frå.



Skodda låg tungt!

Men då vi kom opp brattaste kneiken, skein sola frå klar himmel. Masse fint å sjå både på fjellet og nede mellom steinane. Sjå berre musøyra som er verdas minste treslag!



Vi gjekk opp til toppen av Gråfjell. Skodda låg nede i dalane rundt oss, men ein flott fjellheim lyste mot oss. På Gråfjell stod ein flott varde. På biletet ser du han, med Folgefonna i bakgrunnen.


På eit bilete ser du Thordis på Gråfjell. Bak ho er Geitadalstind og Geitadalen. På eit anna bilete ser du ned Uskedalen, Skorpo og til Tysnes.

UIL si turgruppe skulle hatt eit klipp i turkortet på Gråfjell!! Det er eit av Uskedalen sine flotte fjell på 890 m.o.h.!

Ved foten av Gråfjell ligg dei idylliske Krokavatna.

Eit bilete er tatt på veg opp mot toppen av Tverrfjell. I forgrunnen ser ein Krokavatna med Gråfjell og Skånevikfjella bak.

Vi åt nista vår på Tverrfjell og nytte utsikta, før vi vandra Hauglandsfjellet nedatt mot dalen.



Tekst og foto: Nelly Kjærland

